



Kim Robert Fureli
Gravdalslien 31
5165 LAKSEVÅG

Referanser:
Dykker:
Vår: 19/474 - 19/12263

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
12.04.2019

Utsleppsløyve til einebustad - gbnr 233/177 Eide indre

Administrativt vedtak: **Saknr: 229/19**

Byggestad: Gbnr: 233/177
Tiltakshavar: Kim Robert Fureli
Ansvarleg søker: Sveinung Seim AS
Type utslepp: Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for einebustad på gbnr 233/177. I søknaden er det opplyst at utsleppet fra eigedommen skal reinsast i slamavskiljar før utsleppet vert ført vidare til eksisterande tett avlaupsleidning som går til sjø tilhøyrande naboeigedom – gbnr 234/34. Eigedomen gbnr 234/34 er i dag tilknytt utsleppsleidninga. Storleiken til utsleppet fra eigedomen er opplyst til 5pe. Det er opplyst at det er to bustadeigedomar – gbnr 233/177 og gbnr 234/34- som skal nyta eksisterande utsleppsleidning til sjø. Utsleppsdjupne er 15m.

Det vert elles vist til søknad mottatt 11.02.2019. Søknad er mottatt saman med søknad om løyve til oppføring av einebustad.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel 2011-2023 (KPA) er definert som LNF. Rett ved sidan av eigedomen ligg feltet Eidatræet som er satt av til spreidd bustadbygging med ein eining i planperioden.

Nabovarsel

Det går ikkje tydeleg fram av søknaden om søknaden om utsleppsløyve er nabovarsla. Det er stadfesta av ansvarleg søker at søknad om utsleppsløyve er nabovarsla i telefonsamtale den 12.04.2009.


Tiltaket er nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.


Passering



Plassering og utsleppsstad er vist i kart, datert 29.10.2018



Situasjonskart i sak 2009/1162 – gbnr 234/34- datert 26.05.2009 viser leidningstrasè for eksisterande tett leidning til sjø for gbnr 234/34



Utsleppet frå eideomen skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført vidare i tett, eksisterande utsleppsleidning til sjø. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område, jf. forureiningslova §12-9. Det ligg ikkje føre opplysningar om særskilde brukarinteresser i området.

Drift og vedlikehald

Eideomen skal inngå i kommunal slamtømmeordninga. Det skal betalast slamgebyr i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.

Slamavskiljarar knytt til heilårsbustadar skal tømmast heilt for slam etter behov, og ikkje sjeldnare enn kvart 2. år for heilårsbustadar, jf. forureiningsforskrifta § 12-13.

Privatrettslege tilhøve

Avløpsanlegget er plassert på eigen eideom. Utsleppsleidningen er lagt delvis på eigen eideom og går over gbnr 233/8, 233/9 og 233/12 fram til sjø, Eidavågen.

Det ligg føre erklæring frå gbnr 234/34 til gbnr 233/177 om påkopling til deira private avlauspleidning til sjø, datert 04.02.2019.

Det ligg føre erklæring frå gbnr 233/12 til gbnr 234/34 for etablering og vedlikehald av avlauspleidning over eideomen i sak 2009/1162, datert 20.05.2009. Det ligg føre erklæring frå gbnr 233/9 til gbnr 234/34 for etablering og vedlikehald av avlauspleidning over eideomen i sak 2009/1162, datert 21.05.2009. Det ligg føre erklæring frå gbnr 233/8 til gbnr 234/34 for etablering og vedlikehald av avlauspleidning over eideomen i sak 2009/1162, datert 02.06.2009.

Det ligg ikkje føre erklæring frå gbnr 233/12, gbnr 233/8 og gbnr 233/9 til gbnr 233/177 om at gbnr 233/177 kan kople seg på eksisterande utsleppsleidning som er plassert på deira grunn og vedlikehald av denne. Slik erklæring skal ligge føre og vert sett som vilkår i utsleppsløyvet.

Avtalar om plassering av anlegg og leidningar på privat eideom og rett til bruk av privat avlauspleidning bør tinglysast på eideomane.

Tilkopling til eksisterande anlegg/leidning

Det er gitt utsleppsløyve for eksisterande tett utsleppsleidning til sjø med utsleppsdjupne på 20 meter til gbnr 234/34 i vedtak datert 12.11.2009 sak 2009/1162.

Administrasjonen legg til grunn at det kun er gbnr 234/34 som nyttar utsleppsleidninga på noverande tidspunkt. Då utsleppsleidninga, som no vert fellesleidning for gbnr 234/34 og gbnr 233/177, allereie er godkjent, skal det ikkje innhentast vedtak etter hamnelova.

VURDERING

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik han ligg føre med utslepp via slamavskiljar til sjø. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

Det er dokumentert at det er tilstrekkeleg kapasitet for påkopling til einebustaden – gbnr 233/177- på eksisterande utsleppsleidning til gbnr 234/34 i skriv frå Hjelmås VVA, i skriv datert 22.12.2018. Dei har kontrollert eksisterande utsleppsleidning til sjø. Denne er i orden og med tilstrekkeleg kapasitet.

Utsleppsleidning er ein Ø110m plastleidning med loddbelastning i sjø og ført ut på tilstrekkeleg djupne, ca. 15 meter.

Kommunen legg til grunn at eksisterande utsleppsleidning er i forskriftsmessig stand og at anlegget kan inngå i den kommunale slamtømmeordninga på ordinære vilkår.

Kommunen legg til grunn at den etablerte avlaupsleidninga har tilstrekkeleg kapasitet og er ført ut på tilstrekkeleg djupne. Eigar av anlegget er ansvarleg for forureining frå anlegget. Dersom det oppstår forureining som følge av utsleppet eller reinsekrava i resipienten vert endra, kan eigar av anlegget få pålegg om oppgradering av anlegget.

Plassering

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med kart datert 29.10.2018. I tillegg viser vi til situasjonskart i sak 2009/1162 – gnr 234/34- datert 26.05.2009 som viser leidningstrasè for eksisterande tett leidning til sjø for gnr 234/34.

Godkjenning etter andre lovverk

Etablering av avlaupsanlegget krev løyve etter plan- og bygningslova kap. 20. Anlegget kan ikkje etablerast før naudsynt løyve ligg føre. Søknad om løyve etter plan- og bygningslova vert handsama i eige vedtak med saksnr. 230/19.

Vedtak:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-3 og 12-5, vert det gjeve utsleppsløyve for 1 bustad med ein bueining i samsvar med søknad mottatt 11.02.2019 og på følgjande vilkår:

1. Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar av godkjend type før utsleppet vert ført i tett, nedgraven leidning til eksisterande utsleppsleidning som går til sjø.
3. Slamavskiljaren skal plasserast slik at han kan tömmast innanfor vilkåra i den kommunale slamtømmeordninga.
4. Utsleppet frå eigedomen vert gitt for ein bueining og inntil 5pe.
5. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensing av forurensing, §§ 12-7 til 12-13.
5. Det skal betalast slamgebyr i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.
6. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
7. Anlegget kan ikkje etablerast før det ligg føre løyve etter plan- og bygningslova.
8. Vilkår i vedtak om dispensasjon, datert 12.12.2018, sak 115/18, frå Plan- og miljøutvalet, gjeld.
9. Det skal ligge føre erklæring frå gnr 233/12, gnr 233/8 og gnr 233/9 til gnr 233/177 om at gnr 233/177 kan kople seg på eksisterande utsleppsleidning som er plassert på deira grunn og vedlikehald av denne.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forurensningsloven § 85](#) 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føreseggnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablera utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Tilsyn, endring og opphør av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekka kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.:19/474

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kim Robert Fureli	Gravdalslien 31	5165	LAKSEVÅG
Martine Cecilie Holmen Fureli	Gravdalslien 31	5165	LAKSEVÅG
Sveinung Seim AS	Fureberget 29A	5912	SEIM

Mottakarar:

Kim Robert Fureli	Gravdalslien 31	5165	LAKSEVÅG
-------------------	-----------------	------	----------

Mottakarar:

Martine Cecilie Holmen Fureli
Sveinung Seim AS

Gravdalslien 31 5165
Fureberget 29A 5912

LAKSEVÅG
SEIM